



STORTINGET

Representantforslag 239 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Nils T. Bjørke, Geir Pollestad, Sigbjørn Gjelsvik, Marit Knutsdatter Strand og Eivind Drivenes

Dokument 8:239 S (2024–2025)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Nils T. Bjørke, Geir Pollestad, Sigbjørn Gjelsvik, Marit Knutsdatter Strand og Eivind Drivenes om eit styrkt jordvern for betre beredskap

Til Stortinget

Bakgrunn

Matjorda er ein nasjonal ressurs som må forvaltast berekraftig og i eit langsiktig perspektiv. Stortinget vedtok våren 2023 ein oppdatert nasjonal jordvernstrategi, der Stortinget slutta seg til eit mål om at årleg omdisponering av dyrka mark ikkje skal overstige 2 000 dekar, og at dette målet skal nåast innan 2030. Omdisponering av dyrka mark er redusert dei siste åra, og var i 2023 på rekordlåge 2 740 dekar, mot 3 500 dekar i 2022.

Noreg er eit land der berre 3 prosent av arealet er dyrka mark, det betyr at ein må forvalte denne ressursen med det største alvor. Matjorda er grunnlaget for både matsikkerheit og beredskap – og er ein ikkje-fornybar ressurs i menneskeleg tidsperspektiv.

I ei tid prega av internasjonale konflikhtar, klimaendringar og pandemiar er matsikkerheit og beredskap viktigare enn nokosinne. Norsk matproduksjon er avgjerande for landets beredskap, og skal ein auke norsk sjølvforsyningsgrad i tråd med det Stortinget har vedteke, er det avgjerande at ein sikrar eit reelt og sterkt jordvern.

Matjordas betydning kan ikkje overvurderast. Den er ikkje berre ei kjelde til mat, men også ein viktig del av økosystemet. Matjord bidreg til karbonlagring, vassfil-

trering og biologisk mangfald. Når matjord vert bygd ned, mistar ein ikkje berre produksjonskapasitet, men også desse viktige økosystemtenestene.

Senterpartiet har i regjering sørgt for å styrke jordvernet gjennom nye retningslinjer, skjerpa mål og auka vektlegging av jordvern i plansaker. Men forslagsstillarane erkjenner at dagens system framleis ikkje er godt nok. For mykje jord går ut av drift, og for mykje jord vert bygd ned. Det hastar med å ta fleire grep, både politiske, juridiske og økonomiske.

Forslagsstillarane ser gong på gong at jordvernet taper i møte med utbyggingsinteresser. Eit av dei siste døma finn ein i Melhus, der svært verdifull matjord skal brukast til bustadbygging, og i Vestby der det pågår ein kamp for matjorda. Der vil IKEA ha løyve til å leggje parkeringsplassar på matjord som kan produsere mat i generasjonar framover.

Styrkinga av jordvernet må skje gjennom ei heilskapleg tilnærming. Dette inneber både lovgiving, økonomiske insentiv og bevisstgjerung. Ein må sikre at jordvernensynet vert integrert i all arealplanlegging og at det vert utvikla gode verktøy for å overvake og rapportere om jordvernstatus.

Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremja følgjande

f o r s l a g:

- Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å lovfeste tilgang til varig vern av matjord, og at dyrka mark får eit langt sterkare lovvern enn i dag, med nasjonal forrang i arealforvaltninga.

2. Stortinget ber regjeringa utarbeide og iverksette ein nasjonal tilbakeføringsplan, i dialog med kommunane, med mål om at dyrka mark som i dag er avsett til utbyggingsformål, tilbakeførast til LNF-R (landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde).
3. Stortinget ber regjeringa innføre forbod mot opsjonsavtalar for kjøp av matjord til framtidig bruksendring til bustad, industri eller handel, då slike avtalar undergreiv lokaldemokratiet og jordvernet.
4. Stortinget ber regjeringa sikre at jordvern hensyn skal avklarast tidleg og vere overordna i alle samferdselsprosjekt, og at alternative trasear utan nedbygging av matjord alltid må dokumenterast og vurderast før planvedtak vert fatta.
5. Stortinget ber regjeringa sørge for at årleg tilbakeføring til LNF-R skal overstige nedbygging.
6. Stortinget ber regjeringa sørge for at det vert nydyrka minst like mykje jord som det vert omdisponert, og at staten bidreg med økonomiske veremiddel til drenering, tilbakeføring og klimatilpassing av jordbruksareal for å redusere klimaskadar.
7. Stortinget ber regjeringa endre dei nasjonale retningslinjene for samordning av areal og transport, slik at jordvern får høgaste prioritet i pressområde. Jordlova sine føresegner må få forrang, og endra retningslinjer skal gjelde for byvekstavtalane.
8. Stortinget ber regjeringa styrke kommunane sitt ansvar gjennom krav om kommunale matjordplanar som sikrar at jordressursane sin kvalitet og produksjonsevne vert oppretthaldne i arealforvaltninga.

10. april 2025

Erling Sande

Nils T. Bjørke

Geir Pollestad

Sigbjørn Gjelsvik

Marit Knutsdatter Strand

Eivind Drivenes

